

## **AKUTTILBOD FOR INNBYGGJARANE I OMRÅDET TIL ODDA SJUKEHUS** **Prosjekt for Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan**

### **UTTALE FRÅ ULLENSVANG ELDRERÅD:**

Ullensvang eldreråd går inn for at akutt-kirurgien ved Odda sjukehus skal halda fram slik som han er i dag.

I Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019) blir det lagt til grunn at sjukehus som har mindre befolkningsgrunnlag enn 60000, skal ha ein tilpassa akutfunksjon i indremedisin, anestesilege i døgnvakt, elektiv kirurgi og altså ingen døgnkontinuerlig kirurgisk akutfunksjon. I Norge er det berre sjukehuset i Longyearbyen som har mindre opptaksområde enn Odda sjukehus.

I Nasjonal helse- og sjukehusplan blir det likevel lagt stor vekt på at geografi, busettingsmønster, avstand mellom sjukehus, tilgjengelegheit til bil, båt og luftambulansetenester, værførehold og rekrutteringsmulegheiter spelar ein stor rolle for korleis utforminga av framtidige akuttsjukehus skal vere. Det betyr at enkelte sjukehus kan ha akuttkirurgi sjølv om pasientgrunlaget er mindre enn det som er sett som norm for å ha akuttkirurgi.

Reisetida frå Odda sjukehus til Haugesund sjukehus er ca. 2 timar. Til Bergen er det omlag 3 timar. Ikkje ofte, men det kan hende at vegar er stengde av ras, både til Haugesund og til Bergen, og det hender at luftambulansen ikkje kjem fram p.g.a. dårleg ver. Då må ein ha eit akutt-kirurgisk tilbod ved Odda sjukehus. Reiselivet er og på sterk framvekst og det tyder og at ein må ha eit akutt-kirurgisk tilbod ved Odda sjukehus.

Ullensvang eldreråd vil ha eit akutt-kirurgisk tilbod tilknytta Odda sjukehus.

*Kinsarvik 01.02.17*

*Ullensvang eldreråd  
Kåre Ysthus, leiar*

